

Strategimøte i Gimle, Bergen 20.05.2017

Magne Aasbrenn:

Hordaland – det viktige målfylket!

I 2016 var det 24 000 nynorskelevar i grunnskolen i Hordaland, 16 000 i Møre og Romsdal, 14 000 i Rogaland og nesten 14 000 i Sogn og Fjordane. Dette viser kor viktig Hordaland er når det gjeld skolen.

I 2011 hadde Hordaland Mållag 2290 medlemmer, ved fantastisk innsats frå Oddny Miljeteig og mange andre auka medlemsmengda til 3056 i 2012. I talande stund har Hordaland Mållag 3324 aktive medlemmer – 130 nye til no i år. 275 nye sidan vestlandsregionsaka kom opp.

Desse tala demonstrerer veldig tydeleg kor viktig Hordaland er for målrørsla. Det er på mange vis i Hordaland slaget kjem til å stå – her kan vi få dei største tilbakeslaga, og her kan vi få dei største sigrane.

Eg tar det løfterike først: Her i Hordaland ser vi nøkkelen til å stoppe fråværet frå nynorsken i skolen. Da tenker eg sjølvst på den vidgjetne «Odda-modellen», opplegget med at elevar skal få halde fram i den same språkgruppa også i ungdomsskolen. I Hordaland har vi også nokre veldig solide nynorskbastionar, som Voss og Stord. Kanskje ekstra løfterikt for framtida til nynorsken, så ser vi ei haldningsendring i storbyen Bergen. Byrådet har sagt at dei skal bli nynorskby. Det som står igjen, er monalege konkrete tiltak, og dei ser eg fram til å lære meir om etterpå i dag.

Noko som skjedde i samband med debatten om Vestlandsregionen i fjor haust, var at Unge Høgre i Hordaland skifta side. Dei gjekk inn for nynorsk administrasjonsmål. I argumentasjonen frå Hordaland Unge Høgre ser eg ein ny tankegang. I resolusjonsteksten blei det trekt parallellar både til språkstoda i Canada og Spania. Det er så ein anar eit syn på Bergen som Noregs Barcelona, og nynorsken som ein slags parallell til det katalanske språket. Det er eit språkvedtak der det ligg ein slags vestlandspatriotisme under, den same patriotismen som vi såg i høyringa om Vestlandsregionen.

Samtidig som vi registrerer desse positive tendensane, blir det for kvar dag tydelegare kva for utfordringar målrørsla i Hordaland står andsynes. Og igjen er det Bergen som er i fokus. For samtidig som ein merkar ei haldningsendring til nynorsken i Bergen, så ser vi også at veksten i og særleg rundt Bergen set nynorsken under press. Strilelandet er ikkje eit så trygt kjerneområde lenger. Ein merkar det på dialektutviklinga (sjølv om meir røynde karar enn meg på skivarstova hevdar at det munnlege språket ikkje har så mykje å seie for valet av skriftspråk som mange trur). Ein merkar det på nynorsk-fråfallet i skulen, og nå heilt nyleg

(ved avgjerda i Lindås kommune) så merkar ein det på at sjølv nynorskkommunar ikkje ser på det som sjølv sagt at innvandrarane i kommunen skal lære nynorsk i vaksenopplæringa.

Resultatet etter kommunestyremøtet i Lindås viser oss eit alvorleg problem: Vi er pukka nøydde til å vinna kommunestyra for ein stor og sterk offensiv for nynorsk (alt frå barnehage til vaksenopplæringa). Så er det eit spørsmål om organisasjonen vår er så sterk at han kan hindre bokmålsauken i fylket i ein generell strid, og dermed er vi nøydde til å vinna kommunane politisk. Det siste må lokallaga våre gjera, og vi må finne ut korleis dei kan bli sette i stand til å gjere det. Her håpar eg på nokre tilbakemeldingar frå denne forsamlinga i dag.

Gjennom vinteren og våren har vi sett at det kan ligge an til stortingsfleirtal for partia som vil fremme våre gode tiltak. I så fall er det grunnlag for å drøyme om monaleg betre vilkår for nynorsken etter valet. Det nye programmet kan gi armslag til målpolitikarane i Arbeidarpartiet og gi oss Kunnskapsdepartementet i ryggen når vi seier at barn må møte nynorsken som ein naturleg del av lesing og song i barnehagen og få oppleve dei to norske skriftspråka som sjølv sagde frå den første veka i barneskolen. I ungdomsskolen får elevane som har hatt nynorsk hovudmål på dei lågare trinna, halde fram i nynorskklassen sin slik at dei ikkje gir slepp på språket berre fordi dei er 13 år og redde for å skilje seg ut frå gruppa – og etter ein oppvekst der nynorsk har vore tydeleg til stades på alle skoletrinn, blir det sjølv sagt at dugleiken skal bli eksaminert på lik linje med den i hovudmålet. I denne situasjonen kan det vere rom for å få departementet til å finansiere eigne «målskrivarar» i randsonene, som har som uttrykt arbeidsinstruks å arbeide for å stø nynorsken og hindre fråfall. Den rolla som Live Havro Bjørnstad har i Hordaland Mållag, er kanskje noko som kan likne. I alle fall krevst det mykje godt arbeid, både organisatorisk og politisk, dersom vi skal vinne fram i fylket, og eg håpar at ein dag som denne vil munne ut i konkrete tiltak.

Da ser eg fram til å bruke dagen her i Bergen – det er masse interessant på programmet her, og eg set meg ned for å lære.

Erlend Bakke:

Nynorsk skulemål i Hordaland: ei historisk oversikt

Det eg skal seia her om stoda for det nynorske skulemålet i Hordaland i eit historisk perspektiv, vil eg innleia med eit sitat frå den nyleg utkomne jubileumsutgåva av bladet «Norsklæraren» (Nr. 1-2017).

Der skriv fyrsteamanuensis ved NTNU i Trondheim og tidlegare styreleiar i Landslaget for norskundervising, Lars August Fodstad, om norskfaget. Han skriv under overskrifti «Hva jeg snakker om når jeg snakker om norskfaget». På side 19 skriv Fodstad dette: «Lettere blir det ikke av at litteraturviterne vil snakke om litteraturen, lese-, skrive-, og literacyforskerne om

grunnleggende ferdigheter på tvers av fag, målfolket om nynorsken, pedagogene om generelle kompetanser, norsklærerne om tidspresset, [...]» og so vidare, utan at Fodstad nemner bokmålet med eitt ord.

Nei, «[I]ettere blir det ikke av at [...] målfolket vil snakke om nynorsken», men det vert rettare. Norskfaget og den norske skulen er ikkje norskfaget og den norske skulen utan det nynorske skriftmålet.

Som grunnlag for eit kort historisk oversyn om nynorsk skulemål i Hordaland fylke er det grunn til å minna kvarandre på eit anna faktum. Direktør Ottar Grepstad ved Nynorsk kultursentrum skriv slik i den statistiske publikasjonen *Språkfakta 2015*:

«Eit fleirtal av alle nordmenn har no hatt ei form for skriftleg undervisning i nynorsk. For 50 år sidan gjaldt dette berre eit lite mindretal. Først med omlegginga til obligatorisk ungdomsskule og ny vidaregåande skule i 1970-åra blei nynorsk ei sak for alle unge i Noreg.» (Frå «Tema: eit fleirtal med opplæring i nynorsk» etter kapittel 8.9 i *Språkfakta 2015*)

Og vidare skriv Grepstad at:

«Kring 1970 hadde om lag 900 000 nordmenn 'lært' nynorsk skriftleg (tabell 8.9.7). Kring 2015 har godt over tre millionar 'lært' det. Vi lever i ei tid då for første gong eit fleirtal av innbyggjarane over 15 år i Noreg har hatt skriftleg undervisning i nynorsk.» (Frå «Tema: eit fleirtal med opplæring i nynorsk» etter kapittel 8.9 i *Språkfakta 2015*)

Dette er sjølv sagt føresetnaden for arbeidet vårt med nynorsk skulemål i Hordaland; at alle skal ha skriftleg nynorsk i opplæringi – ja, at alle skal med ... – endå om dei ikkje har nynorsk som hovudmål.

GSI – Grunnskulens informasjonssystem – opplyser at det i skuleåret 2016–17 er 76 549 grunnskuleelevar med nynorsk som hovudmål. Nesten tredjeparten av desse elevane går på ein skule i Hordaland fylke, for her er det i år 24 262 elevar med nynorsk hovudmål. Ja, nesten éin av tre nynorskelevar i Noreg bur her i fylket.

I skuleåret 1994–95 var det derimot 500 færre nynorskelevar i Hordaland enn i år. I det skuleåret var det 23 749 nynorskelevar her, i år er det 500 fleire. Kvifor nemner eg just 1994–95, og kvifor er ikkje 500 fleire nynorskelevar i 2016–17 enn i 1994–95 noko å jubla for?

Skuleåret 1994–95 nemner eg fordi *Språkfakta 2015* sjølv sagt kom ut i 2015, tjue år etter 1994–95. Jubelen over dei 500 fleire nynorskelevane i år kan ikkje ta av, for 500 fleire nynorskelevar er mange færre enn dei bokmålelevane som er komne til sidan 1994–95: Det

er nesten 14 500 – fjortentusenfemhundre – fleire bokmåselevar i Hordaland i 2016–17 enn det var i 1994–95, til saman nesten 38 500 bokmåselevar mot om lag 24 000 nynorskelevar.

Ottar Grepstad skriv soleis i *Språkfakta 2015*:

«Dei siste 20 åra har nynorskelevane gått frå å utgjere 17 prosent til 12 prosent i den tiårige grunnskulen (tabell 8.1.6). Denne nedgangen er no på sitt største sidan 1960-åra (tabell 8.1.2, 8.1.3 og 8.1.4). Sidan 1994 har nynorskprosenten falle frå 24 til 18 i Oppland, frå 20 til 10 i Telemark, frå 33 til 24 i Rogaland og frå 49 til 38 i Hordaland (tabell 8.1.6). Dette heng nok saman med folkeflyttingane i retning av byane i desse to fylka. Nord-Vestlandet skil seg ut: Nynorskprosenten gjekk ned frå 55 til 51 i Møre og Romsdal og auka frå 96 til 97 i Sogn og Fjordane.»

I skuleåret 2014–15 hadde Sogn og Fjordane fylke og Møre og Romsdal fylke – dei einaste fylki med høvesvis eit stort og eit ørlite fleirtal av nynorskelevar – til saman om lag 30 000 nynorskelevar. Det vil seia 6 000 fleire nynorskelevar enn i Hordaland fylke. Dersom nynorskprosenten i 2014–15 i Hordaland hadde vore tilsvarande høg som han i 2014–15 var samanlagd i Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal, hadde me hatt 40 000 nynorskelevar i Hordaland, i staden for dei 24 000 me har per dato. Då hadde me hatt 66 % nynorskelevar i Hordaland, just slik nynorskprosenten var her i året 1966.

Likevel er Hordaland fylke framleis det absolutt største nynorskfylket i absolutte nynorskelevtal. Det har Hordaland vore like sidan 1910, i alle fall etter opplysningane i dei statistiske tabellane som Grepstads *Språkfakta 2015* inneheld.

Om tabell 8.6.4 (SOM DE HAR FÅTT UTDELTE HER) skriv Grepstad i 2015:

«I Hordaland var situasjonen stabil frå 1992 til 2012 i Sunnhordland, Hardanger og Voss, medan nynorskprosenten i grunnskulen fall frå 24 til 16 i Midhordland og frå 96 til 84 i Nord-Hordland i det same tidsrommet (tabell 8.6.4).» (8.6 i *Språkfakta 2015*)

I Fusa (19 %) og Odda (12 %) hadde nynorsken sterkast framgang i absolutte tal i perioden 1993–2008, og Bergen hadde størst tilbakegang (37 %), og so Eidfjord (31 %). (Sjå tabell 8.5.3 i *Språkfakta 2015*)

Det er i det heile dei tvo største hordalandskommunane Bergen og Askøy som merkjer seg ut som *bokmåselefantane* i romet, med høvesvis 97 og 98 % elevar med bokmål som hovudmål. Dette ser me au av tabell 6.1.5 i *Språkfakta 2015*, som viser fram røystingane som har vore om skulemålet i Hordaland etter 1965. Dei fleste har vore i Bergen og Askøy.

Det viser at me ikkje berre må freista å få opp nynorskprosenten i Bergen. Me lyt au streva for at opplæringa i nynorsk for sidemålselevane i Bergen vert mykje betre og viktigare enn før. Dei lyt få opplæring som gjer at dei kan kjenna nynorsken som sitt eige skriftmål.

Tabell 6.1.5										
Folkerøystingar om opplæringspråk etter fylke og år 1965–										
	HORDALAND			R.føre	NN	BM	Røyst	V.delt.	%	V.tak
1965	Hordaland	Askøy	Hanøy	220	3	67	70	31,8	4,3	BM
1969	Hordaland	Askøy	Ramsøy	135	1	49	50	37,0	2,0	BM
1969	Hordaland	Bergen	Skeie	870	119	148	267	30,7	44,6	BM
20.4.1974	Hordaland	Bømlo	Hillestveit	251	126	45	171	68,1	73,7	NN
27.4.1974	Hordaland	Bømlo	Espevær	60	13	3	16	26,7	81,3	NN
9.6.1978	Hordaland	Fjell	Knarrevik	193	63	86	149	77,2	42,3	BM
24.5.1982	Hordaland	Fjell	Bjørøy	89	22	37	59	66,3	37,3	BM
22.3.1983	Hordaland	Bergen	Haukås	392	75	44	119	30,4	63,0	NN
22.3.1983	Hordaland	Bergen	Mjølkeråen	1310	5	86	91	6,9	5,5	BM
22.3.1983	Hordaland	Bergen	Hordvik	305	61	55	116	38,0	52,6	NN
13.6.1983	Hordaland	Bergen	Krokeide	134	49	85	134	100,0	36,6	BM
13.6.1983	Hordaland	Bergen	Hjellestad	333	9	70	79	23,7	11,4	BM
13.6.1983	Hordaland	Bergen	Søreide	747	1	103	104	13,9	1,0	BM
13.6.1983	Hordaland	Bergen	Kaland	395	6	99	105	26,6	5,7	BM
13.6.1983	Hordaland	Bergen	Liland	501	119	34	153	30,5	77,8	NN
17.12.1985	Hordaland	Bergen	Nordvik		107	73	180		59,4	NN
25.5.1987	Hordaland	Fjell	Foldnes	941	157	212	369	39,2	42,5	BM

11.9.1989	Hordaland	Bergen	Hordvik	989	322	199	521	52,7	61,8	NN
17.6.1991	Hordaland	Bergen	Haukås	1381	155	288	443	32,1	35,0	UGYL
9.9.1991	Hordaland	Bergen	Ådnemarka		358	318	676		53,0	NN
29.4.1992	Hordaland	Bergen	Haukås		129	321	450		28,7	BM
3.5.1993	Hordaland	Bergen	Kyrkjekrinsen	1466	211	114	325	22,2	64,9	NN
27.5.1997	Hordaland	Bergen	Ådnemarka og l. Arna	2887	355	113	468	16,2	75,9	NN
1.3.2000	Hordaland	Bergen	Liland	633	107	239	346	54,7	30,9	BM
23.10.2001	Hordaland	Bergen	Nordvik	322	18	65	83	25,8	21,7	BM
16.6.2003	Hordaland	Bergen	Hordvik	1207	279	293	572	47,4	48,8	BM
16.6.2003	Hordaland	Bergen	Kyrkjekrinsen	1784	223	224	447	25,1	49,9	NN
15.9.2003	Hordaland	Askøy	Fauskanger	1398	516	371	887	63,4	58,2	NN
15.9.2003	Hordaland	Askøy	Træet	704	267	157	424	60,2	63,0	NN
31.5.2010	Hordaland	Askøy	Træet	949	130	80	210	22,1	61,9	NN
31.5.2010	Hordaland	Askøy	Fauskanger	690	105	96	201	29,1	52,2	NN
	Sum Hordaland			21286	4111	417	8285		49,6	

I 1955 var det au ei røysting i Askøy kommune, der nynorsken vart røysta ut i krinsen Hop. Alle dei tapte røystingane i Askøy leidde nok til at Askøy kommune i 1970 gjekk frå å vera nynorsk-kommune til å verta den bokmålsbrukande språknøytrale kommunen han har vore sidan.

Som eit apropos til stoda i Hordaland med Bergen/Askøy siterer eg atter Grepstad:

«Ikkje berre står bruken av nynorsk generelt sterkt i Sogn og Fjordane. Skulemiljøa er også meir eittspråklege enn dei er i andre område der nynorsk blir mykje brukt. Dette kjem fram ved å analysere kor mange kommunar som har minst 90 prosent nynorsk- eller

bokmåselevar (tabell 8.5.2). Kommunar der ingen av språka utgjer 90 prosent, blir då rekna som blanda kommunar. Sogn og Fjordane har ingen slik bokmålskommune og berre Vågsøy er tydeleg språkblanda. Det motsette mønsteret er det typiske i Noreg og blei meir typisk på Vestlandet i andre halvdel av 1900-talet. Det vil seie at ein aukande del av nynorskbrukarane går i språkdelte skulemiljø alt i grunnskulen.» (8.5 i *Språkfakta 2015*)

Til slutt vil eg visa fram eit foto av far min – Erling Johan Bakke – der han står på klassebiletet (omkring 1950) frå Stokkeland skule i Songdalen kommune, rett nordvest for Kristiansand. Eg står nok her både fordi han hadde nynorsk som opplæringsmål på Stokkeland skule (og ikkje hadde noko sidemål) – og seinare vart norsklærer sjølv – og fordi eg sjølv hadde ei heilt grei sidemålsopplæring i nynorsk ved skulane eg gjekk på i Kristiansand.

Slike mekanismar viser kor viktig dei nynorske skulekrinsane er, og kor viktig den gode sidemålsopplæringi i nynorsk er. «Tabell 6.1.4 Folkerøystingar om opplæringspråk etter år og krins 1965–» viser diverre at Stokkeland skulekrins, der far min gjekk, innførde bokmål som opplæringsmål etter skulemålsrøystingi i 1967, der berre 12,1 % røysta for nynorsk.

Me har mykje å vinna att i Hordaland au!

Astrid Olsen B:

Språk- og kulturkampen på Strilelandet. Er bergensarane språkimperialistar?

Ja, det er ein kamp, men det er ikkje alltid synleg. Det er som om det ikkje er så mykje kamp! For bokmålet glir inn på Strilelandet, stilt og raskt, utan å måtta kjempa det aller minste. Ulike viktige institusjonar, særleg dei med stor påverknadskraft, dei kommersielle, lèt bokmålet flauma fritt, - og stort sett heilt kampfritt. Og motsett? Er det målstrid og kamp for målet ein ser på Strilelandet? Kjempar dei flott og djervt for nynorsk der ute? – I svært liten grad. Det er som om ein ikkje må provosera dei som fremjar majoritetsspråket bokmål. Skulane vert stillteiane meir og meir bokmålske. (Og mange stader har dette gått raskt.) Eit spesielt, men viktig døme er når skulane får tilbod om undervisningsopplegg gratis. Ofte gode, interessante opplegg, men 99 % på bokmål. Å seia frå om dette gjev ei kjensle av å framstå som ei furten, reaksjonær gamal kjerring, som aldri vil ha noko nytt og moderne. Eigentleg er det motsett, men då må eg jo forklara lenge og vel. Det er det aldri høve til, sånn i farta, når dei gøye opplegga hoppar opp på nettskjermane. (Opplegga kjem frå all verda, frå

UNESCO, populærvitenskap, hyggelege og oppbyggelege organisasjonar, hage-, sport-, filosofi-, samfunnsorganisasjonar, alle tenkjelege og utenkjelege saker, dei har gått i kompaniskap for å tråkka på nynorsk.) Viktige stader, der folk faktisk treffest til dagen, er bokmålske. Ta deg ein tur til Sartor senter. Du vil ikkje kunna gissa at dette er det viktigaste senteret i ein nynorskkommune. – Ok, kanskje enno på det munnlege språket... Det skriftlege er på bokmål opp og ned i mente, om ikkje reklamen er på engelsk, då. Innvandrarar får ofte bokmål. Særleg i dei litt større kommunane kring Bergen. Då får ungane deira òg stort sett bokmål. Kva med kulturkampen? Ikkje alltid like lett å få auge på. Engelsk populærkultur dominerer i stor grad der, som i resten av landet. Overskrifta burde kanskje heller vera «Fråveret av språk- og kulturkamp på Strilelandet?» Eller kanskje «Fråveret av synleg språk- og kulturkamp». Nokre nostalgiske blaff eller positive innslag finst her og der, - Torgdag, Kleppevik, kystmuseum, revyar, kor, husflid, søm, båtbygging, lokale mållag mfl. Men språk- og kulturkamp? Tja, hm... Sjølv sagt: Det går alltid føre seg ein språk- og kulturkamp, om dette er medvite eller ikkje, synleg, merkbart, tydeleg eller ikkje. Hå oss er dette m.a. ein kamp mellom bokmål, ofte i nær allianse med kommersielle interesser, dårleg populærkultur, pornokultur og relativisme. – Kontra nynorsk, i allianse med det me kallar klåre verdiar, innhaldsrik kultur, medvit og meningsfulle syslar. Er det ikkje så svart-kvitt, seier du? Nei, sjølv sagt ikkje heilt! Det finst t.d. gøye, interessante dataspel og filmar på bokmål og engelsk, og mange andre gode nettsider. Men me slit med at det meste av det me ikkje likar, er på bokmål. Det hadde vore strålande om dårleg populærkultur og tåpeleg reklame var på nynorsk! (– Og nei, pornoen treng ikkje vera på nynorsk, han vil me ha vekk! Ein stad går grensa.) Det er vanskeleg å slåst mot noko utan substans. Det er jo ingen som tek på seg ansvaret for bokmålfiseringa, stolt står fram og seier: Skriv bokmål, fram for bokmål! Det trengst ikkje. Majoritetsspråket berre breier seg utover landet, særleg når byar veks og dei fleste bur i bysentra og tettstader. Kva om me målfolk reiste oss litt opp, ikkje var redde for målstrid, ikkje var redde for kampen for nynorsk? For det må til. Kvifor er me så redde for å krevja, seia frå, fremja nynorsk i sjølvaste nynorskkommunane? Dvs. dei som ligg nær byen. Det er som om det er “kulare” å vera nynorsk bergensar enn nynorsk stril. Hallo? Ja, det finst, og ikkje minst fanst bergensarar som var og er språkimperialistar. Men det er som med annan imperialisme. Etter kvart er det dei lokale som er faneberarar for imperialismen, altså her ihuga bokmålsfolk. ----- Sotra – randsona – strilelandet – hundreår med hundsing, mobbing, fattigdom og slit. (Annleis enn i Hardanger eller S&F.) **..fotnote...**

Dame i 74 på SmlB-stand) Då får me òg ein veksilverknad, der det er meir stas å etterlikna byen og bymålet. (...fotnote om fanajenta og ungar som hermar etter "statusmålet", anten det er bergensk eller oslovestmål...) Ungar oppfattar raskt kva som har status. Det gjer unge foreldre og ungdom òg. Eg jobbar ved Ågotnes skule. Då eg byrja der i år 2000, var det folk i mållaget som meinte det var utflyttarar frå Bergen som laga bokmålsklassar der. Litt rett, sjølvsagt, men eg tykte det då var litt rart at dei aller fleste bokmålsungane likevel hadde sotranetternamn. Når folk badar i bokmål, og få og ingen har sagt eit ord om at nynorsk er bra, når skulane trur dei må vera nøytrale, og kommuneleiingar i nynorskkommunar ikkje torer seia høgt og tydeleg at folk bør velja nynorsk, – ja, då glir bokmålet inn alle stader. Svaret vårt må vera å synleggjera nynorsk alt me kan. – Krevja at nynorskkommunar rettar ryggane og ope oppmodar til nynorsk, – at dei ordnar nynorsk for innvandrarak, – at alle kurs, skriv, brev, nett, oppslag osv. alltid er på nynorsk, – at nynorskelevar alltid og heile tida får høyra kor framifrå det er at dei er nynorskelevar. (Bokmål er maktspråk, men ligg feilen fyrst og fremst hjå bergensarane? Det var bergensarar som skipa til det fyrste mållaget i landet. Før måtte ofte strilar som kom til Bergen, leggja om målet og snakka "finbergensk" for å få jobb. Men det er lenge sidan no.) Eg meiner nynorsk representerer modernitet, nynorsk er ein del av moderniteten. Men der er eg visst usamd med dei fleste her i landet. Eg har ikkje alltid hellet med meg i freistnaden på å overtida. Overlegent? Nei, det er det ikkje. For det motsette er at fleirtalet skriv bokmål, og dei treng aldri argumentera for det. Men at dei fleste er for noko, er aldri eit godt argument. Er me ofre for maktstrukturar og kommersiell massekultur? Eller er me berre under påverknad av desse? Eg vil ha ein ny kampanje: entusiasme for nynorsk!

Einar Ådland:

Er bergensarar kulturimperialistar?

Skulemålsstriden i Bergen og i grannekommunane til denne byen er ein kultur- og verdikamp. Her står by mot land, sentrum mot periferi og byborgar mot stril.

Frå gammalt rekna bergensarane seg gjerne som betre enn strilane. I bergensarane sine auge var strilane og strilemålet (målføre og skriftleg nynorsk) knytt til fiskarar og bønder, fattigdom og lite utdanning og opplysning.

Som me veit, har det særleg i siste mannsalderen skjedd ei utjamning, slik at velstand, utdanning, opplysning og sjølvkjensle i strilekommunane jamt over no er fullt på høgde med det me finn i byen.

Men det ser ut til at mange bergensarar ikkje har registrert dette.

På det medvitne eller umedvitne planet ser det ut til at dei framleis vurderer det slik at deira språk og kultur er meir verdt enn det målet nynorskbrukande innbyggjarar i grannekommunane nyttar.

Me ser det på fleire måtar. For nokre år sidan var der mykje hets frå bokmålsfolk i Bergen mot nynorsk i telefonkatalogen. No i seinare år mot nynorskbruk i Helse Bergen.

Mykje av dette har stilna.

Men framleis ser me at Bokmålsforbundet, med adresse i Bergen, tek til orde for å utrydda nynorsken, (det "døende sprog"). I praksis vil dei ha ei "endeleg løysing" på målsprøsmålet, ei form for språkleg og kulturell reinsking etter balkansk mønster.

Og framleis opplever me diverre at bergenske innflyttarar i hordalandskommunar syner liten eller ingen vurdning for lokalt mål og kultur i det heile i desse kommunane.

Noko av det fyrste somme av dei gjer etter dei har flytta inn, er å arbeida energisk for å kasta ut nynorsk skulemål.

Det ser ikkje ut til at dei har tenkt på at dei på det viset trakk på det kulturgrunnlaget og det målet som er ein viktig del av identiteten til det lokalsamfunnet dei har flytta inn i.

For målfolk og andre nynorskvenner kjennest dette som kulturimperialisme.

Mykje av dette skuldast skort på kunnskap og ettertanke hjå innflyttarane og lærarane i grunnskule og vidaregåande skule.

Norskopplæringa på lærarhøgskulane må betrast monaleg, slik at studentane som snart skal ta til med si lærargjerning får skikkeleg kompetanse i nynorsk språk og kultur.

Eg vil minna om at dåverande statsråd Erna Solberg, då ho var kommunalminister 2001–2005, slo fast at innvandrarane til landet vårt måtte gå gjennom grundige norskkurs før det kunne koma på tale med opphaldsløyve og statsborgarskap.

Det kunne vera freistande og nærliggjande å setja liknande krav til bergenske innflyttarar i nynorsk-krinsar i Hordaland.

Konkret vil det seia at innflyttarar frå Bergen til dømes Askøy, Fjell, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy, Sund og Øygarden må ha tatt eksamen i norsk mål, lokal kulturkunnskap og folkeskikk for innflyttarar før dei får slå seg ned i dei nemnde kommunane.

Somme vil kan henda meina at ein slik skipnad er å gå vel langt. Men det er sjølvklårt at meir opplysning og betre opplæring trengst for å nyansera den viktige kulturkampen som no spelar seg ut i og omkring Bergen.

Knut O. Dale:

Den viktige sidemålsstilen

Blant dei stortingspolitikarane som var med på vedtaket om språkleg jamstelling i 1885, var Hans L. Såkvitne frå Granvin. I *Ættarbok for Granvin* står det om Såkvitne at han var ein «greiskoren og frittalande mann.» I ein 17. mai-tale i fyrstninga av 1890-åra sa han mellom anna: «Her i Granvin er me mykje flinkare til å ala krøter enn folk. Gjer me ikkje slutt på denne innavlen vert det berre tullingar til slutt. Nei, gutar: reis ut og finn dykk kjerringar!» «Ordi vekte stor forarging», skriv Henrik Kvalem, forfattaren av boka.

Men slik er det ikkje i dag. Me flytter på oss, me er mobile. Ektemakar og sambuarar kjem frå andre bygder eller byar, frå andre landsdelar eller land. Frå nynorskland flytter folk til bokmålsland, og frå bokmålsland flytter folk til nynorskland. Og så pendlar me i tillegg.

Eg er lærar i Odda, og dei siste åra har eg hatt fire Ullensvang-jenter med oppvekst i andre land: éi kom frå i Sudan, éi frå Litauen, éi frå Tyskland og éi frå Novosibirsk attom Uralfjella.

Eg har ein venleg og imøtekommande ung kollega frå Kongsberg. Paul heiter han. Med oppvekst i Bergstaden, men likevel kan han ikkje skriva nynorsk fordi mora er engelsk, og med ei engelsk mor slapp han sidemålet i grunnskulen og i den vidaregåande skulen.

Om sidemålet fell bort, vil me i nynorskland møta mange Paul-ar, mange lærarar, byråkratar og administratorar, som ikkje kan nynorsk. Den gode viljen overfor nynorsk kan dei ha, men manglande dugleik i nynorsk vil lett føra til at bokmålet overtek; for som oftast er det bokmålet som er dominant, som har hegemoniet, ikkje berre i det offentlege rommet, men òg i næringslivet, i marknadsrommet.

Eg snakka med Marianne Espedal Boge som er leiar for politisk sekretariat i Hå kommune. I kommunen med nærare 20 000 innbyggjarar har så godt som alle elevane opplæring på nynorsk, men Hå er ein språknøytral kommune, og vanlegvis er over 50 % av dei politiske sakspapira på bokmål. Ho sa òg at mange av dei som arbeidde i denne store jordbrukskommunen sør på Jæren, kom frå Sandnes og Stavanger. Og for desse byråkratane fall det lettast å skriva på bokmål. Men ho sa òg at kommunen hadde hatt kurs i nynorsk, og at heimesida og strategiske planar i Hå kommune skulle vera på nynorsk. Sjølv kom ho frå Stavanger og skreiv ein god del på nynorsk.

Men lettare skal det ikkje verta om tilflytte byråkratar ikkje har fått nynorskopplæring i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Ofte vil det vera slik at folk, t.d. i

kommuneadministrasjonar, arbeider i grupper. Då vil det verta slik at bokmålsbrukaren, i alle fall om han ikkje har fått opplæring på nynorsk, direkte eller indirekte vil krevja at resten av gruppa skal skriva på bokmål.

Odda er i dag ein språknøytral kommune, men i intensjonsavtalen mellom Odda kommune, Ullensvang herad og Jondal kommune står det at nynorsk skal vera administrasjonsspråket i storkommunen kring Folgefonna. Det går nok bra, men nokon treng nok eit kurs eller to i nynorsk. Odda-rådmann Ole Jørgen Jondahl er alt ein habil nynorskskrivar, sjølv om han er oppvaksen i Tyssedal, bokmålsenklaven i Hardanger.

Og kvifor greier han seg så godt på nynorsk? Jau, det er fordi han hadde nynorskopplæring i grunnskulen og i den vidaregåande skulen.

I det offentlege skuleverket lærde han seg nynorsk, sjølv om det var sidemål for han. Få er utlærde i sidemål/nynorsk når dei går ut or den vidaregåande skulen, men grunnlaget er lagt for både nynorsk- og bokmålselevar.

I sju år var eg lærar på den vidaregåande skulen i Vadsø. Eg opplevde ikkje at nynorsk var den store utfordringa for Finnmarks-elevane. Om ein Vadsø-elev hadde flytta til Sogn og Fjordane og vorte tilsett på ein nynorsk barneskule, ville han greidd seg godt som nynorsklærar.

«Du brukte vel mykje tid på nynorsk?» vil du spørja. Nei, det gjorde eg ikkje, eg brukte nesten ikkje tid på nynorsken. Eg lærde dei å retta bøyingsfeil i verb og substantiv. Og så las me nynorsk litteratur.

Eg vil fortelja om ei jente frå Nesseby. Ho greidde seg godt i både hovudmål og sidemål, og på eksamen fekk ho same karakteren i begge skriftspråka. Året etter ho var ferdig på vidaregåande, var ho lærar i heimbygda. Så, ein dag på slutten av Nesseby-året, ringde ho meg og fortalde at ho ville ta opp att sidemålet. Deretter spurde ho meg om eg kunne gjeva ho gode råd før eksamen. «Nei, det er lite eg kan hjelpa deg med», svara eg, «men les ei nynorsk bok.» Om ho gjorde det, veit eg ikkje, men ho gjekk i alle fall opp ein karakter i sidemålet – i nynorsk.

Ei anna jente i same klassen sa: «Eg skriv betre nynorsk enn bokmål.» Og det var rett. Mora hennar fortalde at då dottera var lita, las ho nynorske bøker for henne. Ho var forresten den fyrste eleven eg førde ut som fekk fem på begge eksamensstilane.

Nei, me skal ikkje overdriva utfordringane med å skriva nynorsk, korkje i Finnmark eller i Oslo. Det er ikkje slik at nynorsk er ein tidstjuv, det er heller slik at den verbale nynorsken har ein positiv verknad på det skrivne bokmålet, slik at totalrekneskapen vil gå i pluss.

Eg trur det går an å få til ei haldningsendring til nynorsk blant skuleborn: Eg trur elevar som startar med bokmål i grunnskulen, kan få eit positivt forhold til nynorsk. Alt ifrå førskulealderen kan dei verta kjende med nynorsk; nynorsktekstar kan lesast og

nynorsksongar kan syngjast. Slik kan det halda fram i barneskulen, med lesing og synging, og litt enkel skriving. Då trur eg at motviljen mot nynorsken vil verta borte.

Og på denne måten treng ikkje nynorsk verta eit framandt språk for elevane.

Eg trur både elevar og lærarar vil sjå på dette som eit gode. Å vera tospråkleg vil vera eit gode. I Vadsø var det ei jente som gjorde det godt då ho kom opp i fransk, og sensor hadde spurt henne om ho kunne fleire språk. Jau, det stemte: «Fyrste året på vidaregåande gjekk eg på skule i Utsjok, med finsk som opplæringsmål.»

Og dette er noko allment: Å kunna fleire språk er ein styrke i språklæringa.

Nynorsk og bokmål er i mangt og mykje to kvalitativt ulike skriftspråk. Og begge språka må lærast. Det gjeld syntaks, ortografi og morfologi, eller på meir forståeleg norsk: setningsbygning, rettskriving og formverk.

Men med tidleg nynorskstart vil denne innlæringa gå meir eller mindre av seg sjølv.

Til oppsummering: Forsvinn det obligatoriske sidemålet med den obligatoriske sidemålsksamnen, vil nynorsk få ein langt lågare status i Noreg. Presset mot nynorsken og nynorskbrukarane vil verta massivt. Det er ikkje skremsepropaganda når eg seier: Ryk sidemålsstilen, raknar det for nynorsk som jamstelt, allment og offisielt skriftspråk i Noreg. Og då vil det ikkje ta lang tid før nynorsk skriftmål er ute or soga.

Dette forstod Oddny Miljeteig i 2012! Mobiliseringa hennar for sidemålsstilen gav Noregs Mållag mange nye medlemar.

Og frå og med 2013 har landsmøta i Noregs Mållag gjort klare og tydelege vedtak om sidemålsstilen.

Lat oss argumentera både med hovudet og med hjarta, lat oss tala og ordleggja oss slik at politikarar i alle parti forstår kva det dreiar seg om. Ikkje minst må me nå fram til hjarto til folk flest. Det trengst engasjement frå målfolk og nynorskvenner. Då kan me berga sidemålsstilen!